

Sjefen for dei elendige

Kristine Sele

Han er fullstendig klar over at å setje opp "Les Miserables" i full sceneversjon i Moster Amfi er reinspikka galskap. Men han er overtydd om at det skal bli flott. Utruleg flott.

-Tenk deg Moster Amfi rundt midnatt. Trolsk stemning. Eminente skodespelarar og songarar i verdas beste musikal. Eg trur dette blir ei av dei største teateropplevingar på lange tider, seier 35-åringen.

Han er entusiastisk, men ser likevel roleg og avslappa ut. Prøvane er godt i gang. Han går rundt i den unike utescena i fancy skjorte, smykke og med dei mørke krøllene laust kring andletet.

Smilet er aldri langt unna. I alle fall ikkje når han snakkar om svært godt billettsal og stor interesse for oppsetjinga.

NÅR HAN VERT BEDEN om å fortelje om seg sjølv, er han snart attende i Moster Amfi. Men vi får vite at han er far til tre, jobbar i Statoil og er lidenskapeleg oppteken av "Les Misérables".

-Eg er teknisk på Kvitebjørn i Nordsjøen. For tida har eg pappapermisjon etter at vesle Kajsa vart fødd i april, ein permisjon som for det meste vert nytta til musikalførebuingar. Det er i full forståing med mamma Linda, som også er djupt engasjert i galskapen, smiler han.

KJELL ARNE RØKSUND er fødd og oppvaksen på Moster. Hobbyen er musikk. Han starta i gospelkor og har seks år bak seg fra rockebandet Brakje, saman med kameratar som alle er aktive i Bømlo Musikal Laug.

-Kall meg hobbygitarist, seier han, som i fire år også var harpefylgje til skalden i Mostraspelet. Det var tilfeldig at han vart med i "Jesus Christ Superstar", lauset si fyrste oppsetjing i 1999.

-Eg var ute på jobb og kom seint med. Fekk plass i koret og tykte det var fantastisk gøy. Kom inn i styret, og i neste JCS i 2001 var eg produksjonsleiar. Dei fleste har vore med sidan 1999. Vi har vore heldige med grunnstamma i staben, meiner han.

DERSOM VI SKAL "skode hunden på håra" og gisse på politisk farge, er det naturleg å tru at vi har med ein mørkeraud sosialist å gjere. Men der tar vi grundig feil. Bohem-innpakninga gøymer ei konservativ sjel, som faktisk står på Bømlo Høgre si liste til kommunevalet. I eit år har han vore styremedlem i lokalpartiet.

-Eg står langt nede på lista og håpar at eg ikkje vert vald. Eg er interessert i politikk og likar å få noko gjort, men trur kanskje at den politiske og kommunale mølla arbeider for seint for meg. I lauset jobbar vi effektivt. Her er det ikkje langt frå ide til handling.

Apropos sosialisme, så står kona Linda Hellen på SV si liste til det same valet. Det fører til ein del friske debattar i heimen.

Sidan han er så forsiktig med å snakke om seg sjølv, må vi ty til andre kjelder. Kva meiner vener om denne musikalglade mostringen?

-Kjell Arne er ein av dei snillaste eg veit om. Eg trur ikkje det finst vondt i den kroppen, seier ein musikal-ven.

-Han har ei sterk rettfærdskjensle og han tar oppgåva som far svært alvorleg. Han er sosial og elsker å sitje saman med vener, prate, spele gitar og drikke raudvin. Dessutan får han ting gjort, noko han beviser gjennom Bømlo Musikal Laug.

PRATEN MED KJELL ARNE RØKSUND går føre seg i Moster Amfi. Naturlegvis. Teknisk sjef i lauset, Finn Bakke, går forbi og dei to konfererer i forbifarten om ei ny teknisk utfordring.

- Finn Bakke er ei ekte eldsjel og utruleg dyktig. Utan han hadde dette blitt vanskeleg, seier produsenten og understrekar sterkt at han på ingen måte er einerådig sjef.

-Dette er ikkje eit soloprojekt. I lauset er vi ei kjerne på 12-15 personar som drar lasset i lag. Her er massevis av flinke folk som brenn for å få til attraktive tilbod i Moster Amfi. Totalt er 250 personar involverte på ein eller annan måte. Rundt hundre er på scenen, av dei eit orkester på 23. Berre ei handfull profesjonelle har betaling, resten er rein dugnad, seier han og fortel at det kjem teaterinteresserte folk frå heile stader i landet til Moster for å spandere sommarferien sin, sove på



Portrettet

KJELL ARNE RØKSUND

Alder: 35 år

Bustad: Rubbestadneset

Sivilstand: Gift. Har tre born.

Aktuell: Styreleiar i Bømlo Musikal Laug og produksjonsleiar for "Les Misérables" i Moster Amfi

flatseng i eit klasserom - utan å få ein øre att. Berre gode opplevingar.

-Kulissegjengen har snikra sidan nyttår, rekvisittar er handlaga på Bømlø. Rundt 200 kostyme er teikna og sydde, hår og sminke er planlagd. Vi har eit budsjett på to millionar, men eg reknar med at dersom alt arbeidet skulle blitt løna, ville dette vore ein produksjon til 15-20 millionar kroner, seier han ivrig.

Telefonen ringer. Ein kjenning frå Stavanger lurar på korleis han skal få tak i billetter og kome seg til Moster. Røksund forklarar - tolmodig og nøye. Det er viktig at folk kjenner seg velkomne.

-Billettsalet har vore overveldande. Før prøvane byrja hadde vi seld over 4.000. Vi skal ha åtte framsyningar, med plass til 9.000. Det hadde vore flott med eit overskot, slik at vi har startkapital for det neste storløftet vårt om to år.

-Kva vil stå på plakaten i 2005?

-Det veit eg ikkje enno. Når vi har spela den siste "Les Miserables"-framsyninga den 16. august, skal vi setje oss ned og finne ut kva vi skal satse på neste gong.

MEN I ÅR ER DET DEI ELENDIGE frå Frankrike tidleg på 1800-talet det dreiar seg om. Victor Hugo sin roman som er blitt til verdas mest populære musikal. Sidan premieren i London 1987 er den blitt spela samanhengande i musikalhovudstaden og mange andre stader i verda. Kjell Arne Røksund har sett "Les Miserables" i London tre gonger.

Om grunnen til at dei valde ei så utfordrande oppsetjing, seier han at laugget la to kriterier til grunn: At alle som var med i JCS kunne vere med og at det måtte høve godt i Moster Amfi.

-I tillegg var det viktig å finne noko som alle lika og hadde lyst å jobbe med. Dei som har sett "Les Miserables" skjønar kvifor vi valde nettopp den, seier han. Det var ein seig kamp å få nødvendige løyve frå London, og det var jubel den dagen endeleg godkjenning kom. Til tider såg det litt håpløst ut, men stort sett har det vore jamn framdrift i arbeidet.

Bømlø Musikal Laug er dei fyrste som set opp full sceneversjon i Noreg sidan 1988. Dessutan er laugget på Moster dei fyrste i verda som lagar sin eigen regi. Alle oppsetjingane sidan 1987 har vore London-kopiar med roterande scene.

Kjell Arne Røksund veit at folk fra Cameron Mackintosh vil kome frå London for å sjå korleis desse sprø bømblingane har løyst oppgåva.

-Eg veit at dei var svært skeptiske. Dei sa aldri nei, men signaliserte tydeleg at dei meinte dette låg langt over det vi burde ta på oss. Vi utarbeidde fullstendige regi- og sceneografplanar som til slutt vart godkjende i London. Då klarsignalet kom i august 2002, sa vår kontaktmann i England at det hadde han aldri trudd. Men eg er overtydd om at dei vil bli begeistra. Dette blir stort.